



Ruben Aksnes(t.h.), her med det faste bandet sitt Dreamarcher (Foto: Geir Mogen)

Den dyktige bassisten Ruben Aksnes frå Odda og Uskedalen er ein svært ettertrakta musikar. Han bur no i Oslo og spelar til vanleg med bandet sitt Dreamarcher. No ventar imidlertid ein periode med svært spennande opplevingar då han skal på ein fire vekers Europa-turnè med Trondheims-bandet 22.

Musikkgruppa 22 har halde det gåande sidan 2008, og dei spelar svært avansert, rytmisk og roleg musikk som det verkeleg gjer godt å høyra på. Aksnes har lenge vore fan av gruppa, og på den føreståande Europaturnèen skal han vera vikar for bandet sin faste bassist Mats Paulsen. At det er noko Aksnes verkeleg ser fram til, vert openberra når vi les kva han melder på facebook. Han fortel at då han gjekk på Trøndertun folkehøgskule, sat han i øvingslokale og plukka alle låtane frå 22 sitt meisterverk ESP, og held fram: 'No viser det seg altså at dissa timane var god bruk av tid, ettersom eg har fått låna dei enorme skoa til Mats på Europatur i haust! Trur eg må få ho mor til å strikka ullabbar og kjøpa innleggssålar, for sjekk den listo under! Dette blir sjåvv!'

Og det er litt av ei liste over konsertstader og store scenar. Frå turnèen startar i Nürnberg 3.september til den vert avslutta på Klubben i Stockholm skal dei spele 24 konsertar i 14 ulike land i løpet av 26 dagar. Med berre 2 dagar fri vert det ein turnè i Tour de France-tempo. Ikkje rart venene kommenterer med 'Rått kompis', 'Detta blir så fett, Ruben', 'Wow, sååå fantastisk' og 'Dævvven!! Sååååå kult!!!' for å nemna nokre!

Vi ønskjer Ruben lukke til!!! Det er veldig kjekt å vera vitne til at satsinga fører til så spennande og store opplevingar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Geir Mogen